



Sommartur til Voss!



Vi har drege vekslar på våre to styremedlemmer frå Voss ved fleire høve, blant anna med to gilde smalahovelag som haustfestar i laget. Nå skal vi få gleda av å vitje Voss i lag med dei to lokalkjende vossa-karane John og Arne.

Torsdag 7. juni tek vi toget frå Fredrikstad kl. 14.37. Da er vi på Voss kl. 21.28. Retur er søndag 10. juni kl. 11.39 med framkomst Fredrikstad 19.07.

Vi skal spikre saman eit program der Per Sivle og Olav H. Hauge står i fokus. Vi planlegg besøk på Sivlegard, Stalheim, Ulvik med Haugesenteret og kanskje ein tur til Nåli? Vi håpar det blir tid til å sjå Vangskyrkja, Ole Bull-akademiet og/eller Finnesloftet òg? Eit besøk i lokalavisa har vi også tenkt på.

Vi har førebels tinga 12 plassar på Vandrarheimen. For dei som har meir lyst til å bu på hotell Fleischer, tilrår vi at ein ringer dit så fort som råd (tlf 56520500). Hotellet skal ha fleire rom enn dei som ligg ute på nett.

Minipris på toget er kr. 199,-, alternativt 499,-. Full pris er kr. 881,- ein veg. Når du har bestemt deg for å bli med, er det berre å tinge togbillettar med det same på nsb.no.

Vi vonar at mange av medlemmene både i Fredrikstad Mållag og i fylkeslaget vil vere med på ein gild sommartur til Voss! Meld deg på til meg, Marit på sms/telefon 90925256, e-post maasbren@online.no eller vanleg telefon 69312048. Frist for påmelding er fredag 27. april.

Med helsing styret

Leiar Marit Øgar Aasbrenn
Bjørndalsvn. 47
1605 Fredrikstad
69312048/90925256

Skrivar John Heien
Rå terrasse 2
1663 Rolvsøy
69 33 64 24 / 950 58 205

Nestleiar: Marie Våtevik
Kasserar: Arne Kvernhusvik
Styremedlem: Bjørn Ivar Hansen

